



EID KOMMUNE

PERSONALAVDELING

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

365.22
1/9-08
200600864-74

Vår ref.

08/1576-4/K1-590, K2-//TNE

Dykkar ref.

Dato:

29.08.2008

HØYRINGSUTTALE - NOU 2008:6 - KJØNN OG LØNN

Administrasjonsutvalet i Eid kommune har den 28. august 2008 handsama høyringsuttalen NOU 2008:6 "Kjønn og lønn. Fakta, analyser og virkemidler".

Administrasjonsutvalet har gjort følgjande vedtak:

Eid kommune sluttar seg til hovudlinjene i dei føreslegne tiltaka med følgjande merknadar

Pkt 15.2.1: Eid kommune ønskjer å peike på mulige utfordringar når det gjeld utstrakt bruk av statistikk som skal gjerast kjend for alle tilsette. For at slik statistikk skal vere representativ krevst det eit visst antal tilsette av kvart kjønn. For mange verksemdar, og spesielt innafor grupper med skeiv kjønnsbalanse, er det vanskeleg å kome opp på eit slikt nivå. Det bør utarbeidast retningslinjer for korleis slik statistikk skal lagast.

Pkt 15.2.2:

Eid kommune ser positivt på forslaget om å bevilge friske midlar til å heve lønsnivået i offentlig sektor. Det kan likevel ikkje berre gjelde kvinnedominerte yrkesgrupper. Den reelle problemstillinga er først og fremst skilnaden mellom privat og offentlig sektor, dvs at dette også gjeld menn i offentlig sektor kontra menn i privat sektor. Eit tiltak der mannsdominerte grupper i offentlig sektor vert hengjande etter kvinnedominerte grupper vil på ingen måte betre kjønnsbalansen i offentlig sektor der 70 % av dei tilsette er kvinner. Eid kommune ser det som viktig å gi lik løn for arbeid av lik verdi og kan ikkje støtte eit tiltak som bryt med dette prinsippet

Med vennleg helsing


Thea Nesdal
Personalsjef

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>